

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ



Knarvik, 13.06.16

Intensjonsavtale for ny kommune

Vedlagt er intensjonsavtalen som forhandlingsutvalet undertekna 08.06.16.


Den er også sendt på epost tidlegare.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss
Prosjektleiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

«Nordhordland kommune»

Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til
intensjonsavtale for ny kommune



8. juni 2016



LINDÅS KOMMUNE



Meland kommune
-Eit samfunn for alle-



Radøy
kommune

Side 1

1. Innleiing

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune tek sikte på å danna ein ny kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtar om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å utgreia endra kommunestrukturar. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale, som kommunane har hatt stor nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2014.

Dei tre kommunane gjennomførte våren 2015 ei utgreiing som skulle svara på kvifor ein skulle byggja ein ny kommune, jfr. vedlegg. Utgreiinga er fylgt opp etter valet hausten 2015 og denne intensjonsavtalen er eit resultat av denne prosessen. Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterke for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane har kvar for seg. Den nye kommunen får vel 28 000 innbyggjarar og vil dekka eit areal på 679 km². Dette inneber at «Nordhordland kommune» vert den nest største kommunen i Hordaland (pr. 01.01.16) og blant dei 40 største i landet målt etter folketal.

Det har også vore sentralt for oss å byggja vidare på det frivillige arbeidet som har gått føre seg sidan 2010, og å kombinera føringane i kommunereforma med eigne idéar om korleis me best tener innbyggjarane sine interesser i framtida, og sikrar at Nordhordland vert ein vekstkraftig, sterk og attraktiv region.

Intensjonsavtalen som var underteikna 25.01.16 vart lagt fram for kommunestyra og det har vore ein brei medverknadsprosess i form av folkemøter, folkeavrøysting og/eller innbyggjarundersøking som ein er pliktig til etter lova. Det er kvart kommunestyre som avgjer spørsmålet om folkeavrøysting, innbyggjarundersøking eller anna høyningsform. Lindås og Radøy har hatt innbyggjarundersøking og Meland har hatt folkeavrøysting.

I prosessen har det kome inn høyringssinnspel til avtalen. Avtalen er justert noko på grunn av innspela. Det er også utarbeida eit notat der innspela er omtalt og dei vert lagt ved avtalen som fellesnemnda for den nye kommunen må følgja opp.



2. Visjon

«Nordhordland kommune» skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.

Me byggjer ein ny kommune for å møta framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

Me skal rekruttera, halda på og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet. Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur. Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion.

Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggjarane sin felles identitet, ivaretak lokal demokratiet og gjer den nye kommunen og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver, jamfør vedtak i Stortinget. Den nye kommunen vil aktivt søkja om å kunne ta på seg nye oppgåver og mynde slik at det lokale demokratiet i størst mogeleg grad kan styra utviklinga i eigen kommune.

3. Verdiar, mål og prinsipp

Følgjande er lagt til grunn:

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling.

4. Kvifor ny kommune: fordelar og ulemper

I utgreiinga frå juni 2015 vart sentrale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter for regionen fram mot 2040 lagt vekt på.

Det er fordelar og ulemper ved å etablira ein ny kommune. Utgreiinga peika på *fordelar* ved sterkare fagmiljø (t.d. innan barnevern) som sikrar rekruttering og god og spissa kompetanse, betre kvalitet og mangfold på tenestetilbodet, betre



heilskapleg arealutnytting, moglegeheter til å prioritera næringsarbeid, godt jordvern samt større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheter. Den nye kommunen vil bli ein større og meir ressurssterk kommune med betre økonomisk soliditet, og vil dermed vera betre i stand til å handtera nye og større oppgåver samt omstilling innan arbeidsmarknaden. Den nye kommunen vil stå betre rusta til å møta den kraftige veksten i innbyggjartall (44 000 i 2040) med eit auka tal eldre.

Nokre av *ulempene* vil kunne vera større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane.

5. Den nye kommunen – namn, organisering og styring

Arbeidstittel på kommunen er «Nordhordland kommune». Framlegg til namn vert gjort av felles kommunestyremøte, inndelingslova § 25. Arbeidet med kommunevåpen og -symbol startar etter at avgjerda om ny kommune er teken.

Me er samde om at kommunesenteret vert lagt til Knarvik.

Den nye kommunen skal byggja vidare på den felles kulturen og identiteten som er i regionen. Nynorsk skal vera administrasjonsspråk.

Rådmann med dei mest sentrale funksjonane skal sitja på rådhuset i kommunesenteret. Rådhusa i Meland og Radøy skal ha kommunale funksjonar i den nye kommunen. Det skal vera innbyggjarettleiing i alle rådhus.

Regionsenteret Knarvik vil vera kommunesenteret i den nye kommunen. Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø, Manger og Bøvågen. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet . Dette vil også gjelda for eksisterande bygder.

Ved vidareutvikling og organisering av den nye kommunen skal systematisk erfaringsoverføring og læring leggjast til grunn. Kontinuerleg forbetring og fornying skal prega utviklingsarbeidet i den nye kommunen. Den nye kommunen skal organiserast effektivt og ha sterkt folkevalgt styring.

Dei tre kommunane vil i tida framover aktivt søkja om utviklingsprosjekt som kan bidra til å realisera visjonane for den nye kommunen. Dette kan dreia seg om tilførsel av nye oppgåver, myndighet som i dag ligg på statleg eller fylkeskommunalt nivå, prosjekt som kan utvikla felles kultur og identitet, pilotprosjekt innanfor næring og samfunnsutvikling m.m. Prosjekta bør ha felles forankring i dei tre kommunane og dei kan også omfatta tiltak innanfor eksisterande innsatsområde i kommunane.



6. Demokratimodellen

Kommunen skal styrast etter formannsskapsmodellen med politiske utval.

Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar. Formannskapet skal ha 13 medlemmar.

Kontrollutvalet skal bestå av 7 personar. Administrasjonsutvalet skal bestå av 4 politiske medlemmar og 3 medlemmar frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmene skal vera medlemmar i formannskapet.


Det vert lagt opp til 4 hovudutval:

- Oppvekst/ kunnskap/ kultur
- Helse/omsorg
- Samfunn/plan/miljø
- Næringsutvikling

I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitear.

Fellesnemnda får i oppdrag å vurdere endeleg utvalstruktur, ansvar, oppgåver og utarbeida eit delegasjonsreglement.

Det første kommunestyret evaluerer politisk organisering.



7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse

Når me skal ta stilling til korleis me skal organisera dei kommunale tenestene, er det viktig å vurdera dette i lys av behovet i framtida. Ein ny kommune skal yta gode tenester ut frå dagens behov, og den skal kunna handtera framtidas utfordringar og arbeidsoppgåver

Tenesteyting

Tenestetilbodet skal vera på det same nivået som i dag. Gjeldande planar vert vidareført inntil den nye kommunen vedtek nye.

Innbyggjarane skal motta desentraliserte tenester. Heile omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærliek til tenestene. Sjukeheimspllassar, bufellesskap, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera nærmest mogleg der innbyggjarane bur, for å sikra lokal identitet og nærliek til tenestene.

Lokale helsestasjonar vert vidareført.

Den nye kommunen skal vera ein god oppvekst-, barne- og ungdomskommune. Ingen kommunale skular eller kommunale barnehagar skal leggjast ned som følgje av ei kommunesamanslåing, eksisterande skulebruksplanar vert reviderte når den nye kommunen er etablert. Skulekringsgrenser i ein ny kommune bør følgja nærskuleprinsippet.

Bibliotek, institusjonskjøkken og frivilligsentralane vert frå starten vidareført med dagens lokalisering.

Den nye kommunen vil byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett. Den nye kommunen vil arbeida for å realisera eit felles regionalt kulturhus.

Nordhordland har ei livskraftig kyrkje med rom for dei frivillige organisasjonane og det er eit mangfold av ulike trussamfunn. Den nye kommunen vil vidareføra samarbeidet med kyrkja og trussamfunna elles.

Den nye kommunen skal fylgja dagens lovverk – kyrkjelova - som betyr at det må oppretta eitt (1) nytt kyrkeleg fellesråd . Kyrkja må sjølv setja i verk ein prosess med å få på plass eit nytt fellesråd.

Det vil vera naturleg å samordna kompetanse, der det er trong for å styrka kompetansemiljø- og utvikling for å sikra eit godt tenestetilbod.
Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon. Omsorgsteknologi skal vera eit satsingsområde i den nye kommunen.

Eventuelle endringar skal handterast som ein planprosess med involvering/høyring.



Samfunns- og næringsutvikling

Den nye kommunen skal vera ein samla nærings-, arbeids- og utdanningskommune. Det er viktig at dei unge har eit godt, lokalt tilbod innan vidaregåande opplæring. Me vil arbeida for at Knarvik vidaregåande skule har eit breitt og mangfaldig tilbod. Den nye kommunen vil arbeida aktivt for at det skal oppretta eit universitets-/ høgskuletilbod i kommunen, gjerne knytt til lokalt næringsliv.

Nordhordland kommune skal motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.

Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk. Gjeldande kommuneplanar pr. 1.1.2020 (herunder arealdelen) vil gjelda inntil det nye kommunestyret har vedteke ein ny kommuneplan. Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil me styrkja eksisterande, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplasser. Den nye kommunen skal vera nyskapande og utvikla nye næringsareal med fokus på framtidsretta næringsliv.

Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt, t.d. (ikkje prioritert):

- Nyborgtunnelen
- Alversund bru
- Sambandet Vest
- Ringveg Nordhordland

Det vil bli søkt om midlar til samanslårte kommunar til infrastruktur for å sikre planmidlar til Sambandet Vest (inklusiv Moldeklev – Landsvik – Bognesstraumen bru) og Alversund bru og breiband i heile den nye kommunen.

Me vil vera ein pådrivar for å halda fram utbygginga av mobilnettet og breibandstilbodet i alle delar av kommunen.

Den nye kommunen vil utarbeida ein klima- og miljøplan. Når ein utarbeider ein ny klima- og miljøplan vil ein ha særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling. Den nye kommunen skal utarbeida ein landbruks- og akvakulturplan. Interkommunale samarbeid, interkommunale og kommunale selskap skal gjennomgåast.

Prinsipp for kompetanse

Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar.



Ein større og meir slagkraftig kommune skal føra til at det vert meir attraktivt å arbeida i kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikert til spesialfunksjonar. Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass.

Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.

8. Økonomi - harmonisering av skattar og avgifter

Det er eit mål at ingen innbyggjarar skal få høgare kommunal eigedomsskatt som følgje av ein ny kommune. Det er semje om å harmonisere skattar og avgifter. Prisnivået på kommunale tenester, gebyr og eigedomsskatt skal vera likt i heile den nye kommunen. Det inneber at den nye kommunen fjernar eigedomsskatten på hus og hytter.

Investeringsprosjekt

Vedtekne investeringsprosjekt vert vidareført i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Investeringsprosjekt innarbeidd i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar når søknad om å etablera ein ny kommune vert vedtatt, prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett og økonomiplan.

Etablering av den nye kommunen vil gje grunnlag for effektiviseringsgevinstar, m.a. innan felles politisk og administrativ styring og leiing. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja handlefridomen til å utvikla tenestene og ved å setja av midlar til eit kommunalt utviklings- og næringsfond.

Den nye kommunen vil ta imot økonomiske midlar til eingongskostnader og reformstøtte ved endra kommunestruktur.

9. Kommunen som arbeidsgjevar - administrative prosessar

Den nye kommunen skal vera raus og inkluderande. Me er samde om å etablera ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakrar. Det vert lagt opp til høg grad av medverknad frå dei tilsette og deira organisasjonar på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.



Å byggja ein ny kommune er juridisk sett ei verksemldsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk (AML § 14).

Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:

- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si (AML § 14, HTA § 3.4.1).
- Prosessane skal pregast av openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Det skal, i samsvar med lov- og avtaleverk, lagast ein omstettingsavtale i samhandling mellom arbeidsgjever og arbeidstakarorganisasjonane.
- Tillitsvalde skal vera representert i styringsgruppene i kvar kommune .
- Det skal gjennomførast informasjonsmøte, drøftingsmøte og høyringar i samband med intensjonsdokumentet og prosessen.

10. Kommunikasjonsplan

Gjennom aktiv kommunikasjon og brei medverknad skal me sikra at alle får god informasjon og vert høyrt om den pågående reformprosessen.

Ein felles kommunikasjonsstrategi skal utarbeidast med målretta satsing på ekstern og intern informasjon.

11. Vegen vidare

Intensjonsavtalen som vart underteikna i januar 2016 har vore på ein brei medverknadsprosess og innbyggjardialog denne våren. Med bakgrunn i dei innspela som har kome har forhandlingsutvalet utarbeida ein endeleg intensjonsavtale som vert lagt fram for kommunestyra for endeleg avgjerd i juni.

For å sikra framdrift i prosessen etter vedtaket i juni vil Forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova). Arbeidstakarane skal velja ein representant frå kvar kommune som skal delta i Forhandlingsutvalet .

Inndelingslova av 2001 set rammene for korleis samanslåinga skal gjennomførast.

Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda.



Medlemmane vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmar og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar.

Dersom samanslåing blir gjennomført pr. 1. januar 2020 blir det ordinært kommunestyreval hausten 2019.

Knarvik, 8. juni 2016



Jon Askeland
ordførar (Sp)
Radøy kommune



Nina Bognøy
ordførar (Ap)
Lindås kommune



Øyvind H Oddekalv
ordførar (Ap)
Meland kommune



Jostein Borlaug
varaordførar (Ap)
Radøy kommune



Leif Hosøy Sleire
varaordførar (Krf)
Lindås kommune



Nils Marton Aadland
varaordførar (H)
Meland kommune



Kenneth Taule Murberg
gruppeleiar (H)
Radøy kommune



Bjarte Vatnøy
gruppeleiar (FrP)
Lindås kommune



Sigmund Larsen
gruppeleiar (FrP)
Meland kommune

Vedlegg

Notat med oppsummering av innspel som har kome til intensjonsavtalen i høyringsperioden.



LINDÅS KOMMUNE



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -



Radøy
kommune

Side 10

«Nordhordland kommune»

Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy – Notat –
oppsummering av innspel til intensjonsavtale 25.01.16



1. Innleiing

Dette notatet samanfattar dei innspela som har kome til intensjonsavtalen som var dater 25.01.16. Innspela og notatet vert lagt ved intensjonsavtalen og fellesnemnda for den nye kommunen må ta dette med i sitt vidare abeid. Innspela er i notatet forsøkt systematisert i ulike punkt. Det er ikkje gjort ei konkret vurdering korleis dei skal følgjast opp. Nokre av punkta og momenta er til dels allereie ivaretatt eller tatt inn i intensjonsavtalen. Nokre av innspela har preg av lokal karakter, men dei kan vere relevante for den nye kommunen i ein vidare kontekst.

2. Visjon og mål

Endre visjonen frå slagkraftig til å byggja fellesskap. Er tatt inn som forslag i intensjonsavtalen

3. Demokrati og organisering

Innspel om at fordelinga av kommunestyrerrepresentantar skal skje med bakgrunn i dagens kommunestruktur for å sikre at alle kommunane får ein viss andel i det nye kommunestyret.

Krav til sentrale myndigheter om at lokaldemokratiet må lovfestast.

Ungdomsråd må prioriterast i den nye kommunen. Der må også ver lokale ungdomsråd.

Kommunestyremøta bør gå på omgang mellom rådhus/ulike delar av kommunen.

Det er ønskje om auke i tal representantar til kommunestyret og at ein må sjå på utvalsstrukturen og det bør vere eit eige næringsutval. Den politiske organiseringa bør vurderast etter 2 år. Dette er ivaretatt i den reviderte intensjonsavtalen.

Det bør opprettast nærmiljøutval/lokalsamfunnstutval/grendeutval i den nye kommunen.

4. Prinsipp for tenestene

Dei som har særlege behov må også få dekka dei i dei tenestene som er nær brukarane.

Meland kommune har i sitt verdigrunnlag – « Eit samfunn for alle». Det må presiserast kva det betyr dersom Meland vert med i ein storkommune.



Utdanningsforbundet hadde ein del konkrete innspel til sjølve avtalen. Dei er vurdert ved gjennomgang av avtalen.

Det må sikrast godt samarbeid innan pleie og omsorg slik det er i dag mellom heimetenesta og institusjon. Det bør vere ei eiga inntaksnemnd på Radøy. Dagsenteret på Radøy må vidareførast.

Det må vere beredskap på veg, vatn, kloakk og brann på Manger.

Arbeidsmarknadsverksemndene/tilrettelagde arbeidsplassar må vidareførast.

Må strekke seg mot ein kulturgebygging der effektivitet, kvalitet og innbyggarfokus er berebjelkar i den nye kommunen.

Ingen barnehagar skal leggjast ned og at barnehageplassar skal tildelast i nærområdet.

I tillegg til desentraliserte tenester som er nemnt så må også lege, fysioterapi og tilbod for demente vera med.

Svømmehallen på Radøy må oppretthaldast.

5. Infrastruktur

Det er kome følgjande innspel til utbetring og utbygging av vegnettet:

- Fløksand – Skjelanger
- Tverrsamband – Radøy, Meland og Askøy – blir prioritert i NTP
- Ny vei mellom Moldekleiv og Landsvik
- Ny Alversund bru
- Breibandsutbygging – må i heile kommunen
- Bybane til Knarvik
- Kollektiv sjøtransport

Busstilbodet i utkantane må styrkast.

6. Økonomi

En ny kommune, har en unik mulighet til å nullstille bl.a. eiendomsskatten. Det bør innarbeides i avtalen at en harmonisering av eiendomsskatten skjer fra dag 1.



7. Næringsutvikling

Det må sjåast på næringsareal på nord øst sida på Meland (Landsvik og Kårbø) og nordre del av Bogno og Boga/Neset på Radøy.

8. Frivillige lag og organisasjoner

Sokneråda har kome med eit felles innspel. Kyrkja er no omtalt i den reviderte intensjonsonavtalen.

Satsa på ungdomsretta arbeid. Behalda ungdomskoordinator som har lokal tilknytning og ungdommens hus på Manger.

Idrettsanlegga – eigarskap/driftsstøtte må det sjåast på pga ulik vekt på kommunal/privat eigarskap i kommunane.

Det må satsast på det frivillige arbeidet i den nye kommunen og den lokale organiseringa må ikkje svekkast.

Vestnorsk Utvandringscenter må vidareførast og utviklast. Bogatunet og Syltastova må takast godt vare på og prosjekt for Steinalderfunn på Straume må følgjast opp.

9. Nærcenter og lokalsenter

Bøvågen som eit nærsenter saman med Ostereidet og Vikebø, med Manger, Lindås og Frekhaug som lokalsenter. Det må konkretiserast nærrare kva tenester som skal vera i eit næresenter og lokalsenter.

10. Informasjon og prosess vidare

Det må sikrast at det er kort veg å ta kontakt i den nye organisasjonen. Foreslått ein ombodsfunksjon. Dette er diskutert i forhandlingsutvalet, men ein meiner at det er ein av politikarane sine oppgåver og vere ombod. Men det er stor semje om at informasjon må prioriterast både i perioden fram til samanslåinga reelt skal skje og etter samanslåinga. Det vil vere eit stort informasjonsbehov både hos politikarar, tilsette, innbyggjarar, organisasjoner osb.

Innspel om at råd og utval i kommunane må bli involvert i arbeidet vidare med å byggja ein ny kommune.

Det må utarbeidast ein næringsplan og landbruksplan i den nye kommunen.



Det må sjåast på fellesnemnda og sikrast ein viss kjønnsbalanse. Inndelingslova set krav om at kvar kommune sine representantar til fellesnemnda må stette dei krav som er i kommunelova til fordeling på kvinner og menn.

Tal medlem i fellesnemnda må vurderast og aukast. Det er det tatt omsyn til i avtalen.

Arbeidstakarorganisasjonane ønskjer å vere representert i arbeidet med samanslåing fram til fellesnemnda er formelt valt.